

ÅRSMELDING VAKSDAL IL

2019



VAKSDAL IDRETTSLAG

Klubbnavn:	Vaksdal Idrettslag		
Stifta:	18.11.1925		
Postadresse:	5725 Vaksdal		
E-postadresse:	post@vaksdalil.no		
Internettadresse:	www.vaksdalil.com		
Organisasjonsnummer:	993 534 153		
Banktilknytning:	Sparebanken Vest		
Bankkonto:	Hovudkonto:	3500.07.03026	
	Fotballgruppa:	3500.07.03573	
	Trimgruppa:	3530.26.69870	
Medlem av:	Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité		
Tilknytta:	Hordaland fotballkrets, Vaksdal idrettsråd		

Innhald

Bygd i bevegelse	4
Hovudstyret	5
Økonomi	6
Fotballgruppa	7
Handball	10
Trimgruppa	11
Andre aktivitetar	12
Utvikling av idrettsparken	13

VEDLEGG A

Resultater 2019	14
Budsjett 2020	19





Bygd i bevegelse

Vaksdal Idrettslag har i 2019 hatt høgt aktivitetsnivå. Det er gledeleg at tilbodet når breitt, og at ein i løpet av året starta opp fleire tilbod som har ungdom som ei av målgruppene, som sirkeltrening for ungdom og volleyball.

Vaksdal er ei bygd der både barn og vaksne er i rørsle, og der idrettslaget er fleksibelt og terskelen er låg for å etablere nye aktivitetar. Det er mange eldsjeler i bygda, og mange som er villige til å bidra i ulike styrer og verv. Det medfører at laget kan tilby mange helsefremjande aktivitetar, og tilretteleggje for møteplasser som kan skape trivsel og samhald.



Hovudstyret 2019

Leiar: Henning Lirhus

Nestleiar: Lasse Ulveraker

Kasserar: Renate Kvitne

Skrivar: Trygve Thom

Styremedlem: Elisabeth Faugstad Gullbrå

Styremedlem: Øystein Jacobsen

Varamedlem: Kathrine Audestad

Varamedlem: Tormod Amundsen

Valnemd

Elizabeth Gjessing

Linda Lien

Revisorar

Oddvar Olsnes

Trygve Boge

Kontingentar

Barn*: 150,-

Vaksen: 250,-

Familie**: 500,-

B-medlemskap, barn: 50,-

B-medlemskap, vaksen: 100,-

Støttemedlemskap: 150,-

Treningsavgift fotball barn*: 300,-

Treningsavgift fotball vaksne: 500,-

Treningsavgift trim vaksne: 500,- pr. halvår.


* Medlemmer betaler barneavgifter til og med det året dei fyller 15 år.

** Inntil to vaksne, samt barn til og med det året dei fyller 19 år.

Medlemmer

I 2016 passerte VIL 400 medlemmer for fyrste gong på mange år. Etter det har talet halde seg meir eller mindre jevnt. I 2019 var det totalt 454 medlemmer. 239 kvinner og 215 menn.

Antal medlemmer dei ti siste åra



Økonomi

I 2019 kjem Idrettslaget ut med eit overskot på kr 406 000 totalt sett. Dette må sjåast i samband med fjoråret der me hadde eit underskot på kr 482 000. Det heng saman med utviklinga av idrettsparken som har vore gjennomført i 2018 og 2019. Ein del av pengestøtta har komme i 2019, men kostnadane kom i stor grad i 2018.

Ser ein bort frå prosjektet sin påverknad i 2019 vil overskotet vera på kr 191 360. Dette er tilfredsstillande for Idrettslaget. Det er ikkje eit mål i seg sjølv at Idrettslaget skal gå med store overskot. Det er viktig med ein tilfredsstillande økonomi der ein og kan sette av litt pengar kvart år til framtidige investeringar.

Inntektene til Idrettslaget kjem frå medlemskontingentar, treningsavgifter, sponsorinntekter, grasrotmidlar og støtte frå Vaksdal kommune og Idrettsforbundet. Midlane bruker ein til det beste for medlemmene av Idrettslaget.

Vaksdal Idrettslag har svært låge satsar på medlemsavgifta og treningsavgifter. Det forsøker ein så langt ein kan å oppretthalda og framover. Me er eit Idrettslag med høg grad av frivillig innsats og det er svært lite godtgjersle for alt arbeidet som trenarar, styremedlemer og andre legg ned som dugnadsinnsats for laget.

Rekneskap (talet i parentes er ekskl. prosjektet for idrettsparken):

Inntekt: kr 926 459 (680 577)

Kostnader: kr 519 774 (489 233)

Driftsresultat: kr 406 599 (191 359)

Fotballgruppa

Leiar: Johnny Falkanger

Kasserar: Cecilie Kleiveland

Skrivar: Sol Kari Boge

Styremedlem: Elin Merete Sæterdal

Styremedlem: Kay Roger Elvheim

Styremedlem: Kenneth Vik

Styremedlem: Tommy Amundsen

Styremedlem: June Eide Viken

Fotballgruppa har vore opptatt av å:

- Legge til rette for god oppslutning rundt aktivitetane
- Gje tilbod til alle interesserte så langt som råd
- Byggje opp under engasjement og utnytte ressurser

I 2019 sesongen fekk fotballgruppa sponsormidlar fra SPV som ein brukte på 2 stk. trearbaner. I tillegg inngjekk Vaksdal IL samarbeid med Hummel i forhold til ny klubbkolleksjon.





Aktivitet

Det er store variasjoner i årsklassane på Vaksdal, men Vaksdal er fortsatt klubben i kommunene som har flest aldersbestemte lag og aktive spelarar. Det er mange som vel å delta i fotballaktiviteter og ein har i sesongen 2019 hatt 8 aktive lag. Samt at ein har nokre spelarar som har deltatt på lag i andre klubbar i kommunen.

Cupar

Alle laga våre har deltatt på cupar. Spesielt innendørs cupar i Vestlandshallen har vore populære. Dei yngste laga har også delteke på lokalcupar i kommunen og nabokommunane. Dei eldste har deltatt på Ål cup, Eat-move-sleep cup og Trucknor-cup. Tidlegare har alle cupar vore betalt av fotballgruppa, men fotballgruppa vil før årets sesong bestemme om ein skal sette ein grense på antal cupar per lag betalt av fotballgruppa, slik at ein sikrar at det blir rettferdig for alle laga.

Sparebanken Vest-cup

Dette er det viktigste arrangementet for fotballgruppa i løpet av sesongen. Ein ynskjer alltid å utvikle arrangementet og ved årets cup var det 26 lag, mot 20 lag i 2018, ein fin utvikling fra i fjor. Ein arbeider med ideer for å øke antall lag også neste år. Spesielt 3'ar lag og kampar var populært under årets Sparebank Vest-cup, og ein satsar i større grad på slike kampar ved neste cup. Laga som deltok på årets cup kom frå Vaksdal, Dale, Stanghelle, Hausvik og Fri.





A-laget spelar i 6. divisjon i 2020



Handball



Leiar: Maren Amanda Thorkildsen

Vårsesongen spelte jentene i aldersgruppa J 13 (sesongen 2018/2019). Dei spelte i C-serien som i utgangspunktet skal være nybegynnarserie. Serien var prega av «by-lag» som hadde lag i både A- og B- serien, og som nytta spelarar frå de andre seriane for å vinne C-serien. Vaksdal gjekk på store tap. Jentene heldt likevel motivasjon og humør oppe. Me hadde trening i Turbinen kvar torsdag kl. 18 – 19.30. Det var stort sett bra oppmøte på treningane. Våren 2019 hadde var det 13 spelarar på Vaksdal J 13, kor av ei av jentene spelte på dispensasjon.

Spelar med dispensasjon valde før sesongen 2019/2020 starta å melde overgang til Bjørnar. Til sesongen 2019/20202 meldte me også lag på i C-serien. Her var det for få påmeldte lag, så me kom med i B-serien. Me har stort sett gått på tap fyrste halvdel av sesongen, bortsett frå uavgjort mot Dale.

Det må påpeikast at halvparten av jentene som spelar på Vaksdal er 2006-modellar, og sånn sett skulle spelt i aldersgruppa J 13. Sidan me kun får dispensasjon for 3 spelarar som er eldre, og me har 6 jenter som er 2005 – modell, må me spele J 14.

Frå august 2019 starta me opp med to treningar i veka, onsdag og torsdag kl. 16 – 17. Det er varierende oppmøte, men ein har «den harde kjerne» som alltid stiller. Me ser at det har vore svært nyttig og gir framgang med to treningar i veka. Det er ei jente som har vald å gi seg i løpet av hausten, så pr i dag er det 11 aktive jenter på Vaksdal J 14.

I desember 2019 hadde me treningskampar mot Dale J 12 der det endte med seier for Vaksdal, og mot Dale J 14 der det endte med tap.

Vaksdal har vore arrangør på fleire kampar gjennom året. Når det kun har vore Vaksdal som har hatt kamp, har me tatt inngangspengar (på lik linje med Dale), og delt ut kaffi på inngangsbilletten. Dersom det har vore fleire kampar har me arrangert kafe med sal av kaker, bollar, baguettar, kaffi og saft. Foreldra er flinke å stille opp på dugnad. Stian Jordalen har deltatt aktivt på sidelinja under kampar, og vore tilstede og hjelpt til på de fleste treningane! Ein opplever likevel at det å være trener inneber mykje meir enn trenarrolla. Det skal organiserast, planleggast, skaffast vekslepengar og handlast inn til arrangement. Dersom kampar må flyttast på skal ein organisere dette (kontakte motstandar og dommar, finne ny tid som passer for alle). Dersom dommar ikkje stiller, er det trenar (som står som kontaktperson for Vaksdal) som må skaffe ny dommar.

Trimgruppa

Leiar:	Kine Walde Bjørsvik
Skrivar:	Line Kydland
Styremedlem:	Stine Njåstad
Styremedlem:	Malin Sæterdal

Idrettsskulen

Leiar:	Aina Ulveseth
Skrivar:	Anita Korsrud
Styremedlem:	Sandy Fritzsche

Møteverksemd

Det har våre 2 møter i trimgruppa i 2019.

Året som gjekk

Trimgruppa har fått i gong registreringslister for alle som deltar på ulike trim aktivitetar i gym salen. Det har fungert godt. Det har gjort det lettare å halde oversikt over kven som deltar og kven som skal fakturerast.

Det har og vert diskutert og ta enkeltbetaling for deltakarar som trenar i korte periodar og deltakarar frå andre kommunar. Me har ikkje landa på ei endeleg løysing her.

Det har våre diskutert retningslinjer for trenarar og trenarhonorar. Dei skal fyljast så det blir likt for alle.



Britt Løvstakken gav seg som trenar i desember. Ho vart overrekt ei gåve for god innsats.

Trimgruppa la i etterkant ut tekst på Facebook der me søkte etter treningsglade og utadvendte instruktørar til innetrening i sal, og ba folk ta kontakt dersom dei var interessert. Det var få som meldte interesse her.

Oppgåver i året som kjem

Trimgruppa skal jobbe vidare med å kartlegge og registrere medlemmer og få til ei endeleg løysing på det.

Det er ynskje om å kjøpe nytt musikkanlegg i gymsalen som kun er til idrettslaget, og nye matter.

Idrettsskulen

Idrettsskulen har blitt arrangert med ulike tema/idrettsgreiner over en gitt periode (frå november til og med mars). Ulike tema/idrettsgreiner ein har vore innom er alt frå langrennsski på Gullbotn, zumba, Hip-Hop-dans, turn og ulike ballspel som håndball, fotball og innebandy. Organiseringa av dei ansvarlege for idrettsskulen har vore god, og tilbagemeldingar frå barn og foreldre er også gode. Oppmøtet har vore bra, og det er ønskeleg å fortsette med denne forma for organisering.

Andre aktivitetar

Sirkeltrening

Det har i 2019 vore fast sirkeltrening i Vaksdal samfunnsal kvar søndag. Nokre veker har det vore to treningar, og det har vore mogeleg sidan annan trening har blitt avlyst, og det dermed har vore ledig tid. I feriar har det vore lagt inn ekstra treningar, sidan samfunnsalen er meir ledig i desse periodane, parallelt med at bygdefolket har fri og dermed meir tid til trening.

Treningstilbodet har blitt annonsert på VIL si Facebook-side, og det er oppretta ei FB-gruppe der alle som vil kan bli medlem. Sirkeltreninga er open for begge kjønn i alle aldrar, og det er rom for at familiar kan delta gjennom at yngre barn kan vere med på vilkår av at dei organiserer seg sjølve gjennom frileik. Dette gjer det mogeleg for fleire å nytte seg av treningstilbodet.

Deltakarane har vore frå 12 år og oppover, og deltakartalet kan variere frå 3-4 på det minste og opp til nærare tretti personar.



Volleyball

i samband med at Veafjorden Atletklubb arrangerte volleyballturnering i Turbinen på Dale i romjula 2019, vart det starta opp med opne volleyballtreningar i regi av Vaksdal IL i samfunnssalen. Dei første treningane fann stad i førjulstida, og hovudparten av deltakarane var med på lag som skulle delta i turneringa. Etter jul valde me å halde fram med ei fast trening kvar søndag. Treningane er opne for begge kjønn og for interesserte i alle aldrar, og deltakarane representerer ei variert gruppe og inkluderer også fleire nasjonalitetar. Gjennom volleyballtreninga kan det sjå ut som me når fleire enn dei som er med på annan organisert aktivitet i regi av VIL.

Utvikling av idrettsparken

Vaksdal idrettspark har hatt ein flott utvikling dei siste åra. Mange fellestimar har gått med på å installera nytt utstyr, og holda eksisterande anlegg i god stand.

Folk har vore flinke til å stilla opp på dugnad, noko den flotte idrettsparken ber preg av!

Den siste tida har me fått utført, eller har jobba med følgjande:

- Nytt asfaldtekkje og ny merking på tennisbana
- Ballvegg er ferdigstilt og skal malast til våren



- Bana for fotballtennis er komen på plass og originalnett settes opp til våren, samt merking av bana
- 2 stk. mobile banar for trearotball er kjøpt inn og tatt i bruk
- Ballfangarnett mellom 11ar-bane og 5ar-bane er kjøpt inn, og skal monterast i løpet av våren
- Arbeidsbrakker for lagring av diverse utstyr er også kjøpt inn, og kjem i bruk til våren

I tillegg til dette ser me på muligheten for å anleggja ei lita sykkelbane på langsida mot tribunen, samt skilting av idrettsparken.

Utover dette så vert det som vanleg nokre dugnadsdagar for diverse oppgradering av anlegget, der me som vanleg ynskjer alle medlemmar velkomen til innsats.

Me har eit anlegg alle kan vera stolte av!



VEDLEGG A

Driftsresultater 01.01.2019 - 31.12.2019

Trimgruppa	
	Periode
Driftsinntekter	
3930 Treningsavgifter	31 123
Sum Inntekter	31 123
Driftskostnader	
5990 Annen personalkostnad	- 17 723
6580 Idrettsutstyr	- 767
7440 Gaver til frivillige	- 1 331
7770 Bank og kortgebyrer	- 29
Sum kostnader	- 20 848
Driftsresultat	10 274
Finansielle poster	
8050 Annen renteinntekt	31
Årsresultat	10 305

Håndball	
	Periode
Driftsinntekter	
3000 Salgsinnt. handelsvarer, avgiftspliktig, høy sats	5 134
3100 Salgsinntekter, avgiftsfri	3 723
3930 Treningsavgifter	3 168
Sum inntekter	12 026
Driftskostnader	
4035 Innkjøp varer og halvfabrikata, lav avgiftssats	- 147
5501 Dommarrekningar	- 3 581
6300 Leie lokaler	- 7 119
6580 Idrettsutstyr	- 480
7140 Reisekostnader, ikke oppgavepliktig	- 622
7400 Kontingenter, fradragsberett.	- 6 300
7415 Påmelding serier, turneringer etc	- 5 400
7791 Gebyrer kamp o.l.	- 4 500
Sum kostnader	- 28 149
Årsresultat	- 16 123

Fotballgruppa	
	Periode
Driftsinntekter	
3000 Salgsinnt. handelsvarer, avgiftspliktig, høy sats	61 186
3930 Treningsavgifter	42 792
3945 Turneringsinntekter etc	15 900
sum inntekter	119 878
Driftskostnader	
4300 Innkjøp varer for videresalg, høy avgiftssats	- 57 502
5501 Dommarrekningar	- 29 790
5990 Annen personalkostnad	- 1 800
6541 Hvitevarer og kjøkkenutstyr	- 1 208
6550 Driftsmaterialer	- 695
6565 Mat og drikke	- 3 914
6580 Idrettsutstyr	- 22 261
6590 Annet driftsmateriell	- 129
6810 Datakostnad	- 609
6820 Trykksaker	- 733
6860 Møter, kurs, oppdatering etc.	- 2 000
7090 Annen kostnad transportmidler	- 3 400
7415 Påmelding serier, turneringer etc	- 33 025
7420 Gaver, fradragsberettigede	- 440
7430 Fordeling av midler	- 1 100
7460 Premier til deltakere	- 30 802
7500 Forsikringspremier	- 12 100
7770 Bank og kortgebyrer	- 355
7790 Andre kostnader	- 319
7791 Gebyrer kamp o.l.	- 8 900
Sum kostnader	- 211 082
Driftsresultat	- 91 204
Finansielle poster	
8050 Annen renteinntekt	69
Årsresultat	- 91 135

Utvikling av idrettsparken 01.01.2018 - 31.12.2019	
	Periode
Driftsinntekter	
3420 Kommunale tilskudd	464 000
3450 Refusjon offentlige avgifter	170 782
sum inntekter	634 782
Driftskostnader	
6100 Frakt, transport og forsikring	- 11 537
6390 Annen kostnad lokaler	- 276 523
6550 Driftsmaterialer	- 90 145
6590 Annet driftsmateriell	- 672 554
7090 Annen kostnad transportmidler	- 3 181
sum kostnader	- 1 053 940
Driftsresultat	- 419 158

Totalt for idrettslaget	
Driftsinntekter	
3100 Salgsinntekter, avgiftsfri	67 718
3121 Andel av omsetning fra lagsmedlemmer hos G-sport	1 751
3123 Sponsorinntekt, avgiftsfri	92 000
3410 Grasrotmidler fra Norsk Tipping	146 005
3420 Kommunale tilskudd	139 827
3440 Tilskudd fra Norges Idrettsforbund	108 587
3450 Refusjon offentlige avgifter	170 782
3920 Medlemskontingenter	56 806
3930 Treningsavgifter	77 083
3945 Turneringsinntekter etc	15 900
3970 Tilskudd fra andre organisasjoner	50 000
Totale inntekter	926 459
Driftskostnader	
4300 Innkjøp varer for videresalg, høy avgiftssats	- 61 296
5501 Dommarrekningar	- 33 370
5990 Annen personalkostnad	- 20 523
6100 Frakt, transport og forsikring	- 10 814
6300 Leie lokaler	- 29 344
6390 Annen kostnad lokaler	- 29 023
6420 Leie datasystemer	- 4 754
6490 Annen leiekostnad	- 1 012
6541 Hvitevarer og kjøkkenutstyr	- 1 208
6550 Driftsmaterialer	- 53 626
6560 Rekvisita	- 1 563
6565 Mat og drikke	- 3 914
6580 Idrettsutstyr	- 109 072
6590 Annet driftsmateriell	- 129
6800 Kontorrekvisita (Res)	- 80
6810 Datakostnad	- 13 148
6820 Trykksaker	- 733
6860 Møter, kurs, oppdatering etc.	- 2 000
6950 Postboks, leie	- 1 185
7090 Annen kostnad transportmidler	- 3 400
7140 Reisekostnader, ikke oppgavepliktig	- 622
7400 Kontingenter, fradragsberett.	- 8 800
7415 Påmelding serier, turneringer etc	- 38 425
7420 Gaver, fradragsberettigede	- 1 940
7430 Fordeling av midler	- 1 100
7440 Gaver til frivillige	- 21 331
7460 Premier til deltakere	- 34 802
7500 Forsikringspremier	- 16 309
7770 Bank og kortgebyrer	- 1 150
7790 Andre kostnader	- 1 202
7791 Gebyrer kamp o.l.	- 13 900
Totale kostnader	- 519 774
Driftsresultat	406 685
Finansielle poster	
8050 Annen renteinntekt	442
8179 Annen finanskostnad	- 527
	- 85
Årsresultat	406 600

Budsjett 2020

Driftsinntekter	RESULTAT 2019	BUDSJETT 2020
3100 Salgsinntekter, avgiftsfri	67 718	65 000
3121 Andel av omsetning fra lagsmedlemmer hos G-sport	1 751	-
3123 Sponsorinntekt, avgiftsfri	92 000	92 000
3410 Grasrotmidler fra Norsk Tipping	146 005	150 000
3420 Kommunale tilskudd	139 827	65 000
3440 Tilskudd fra Norges Idrettsforbund	108 587	100 000
3450 Refusjon offentlige avgifter	170 782	-
3920 Medlemskontingenter	56 806	56 000
3930 Treningsavgifter	77 083	77 000
3945 Turneringsinntekter etc	15 900	16 000
3970 Tilskudd fra andre organisasjoner	50 000	
Totale inntekter	926 459	621 000
Driftskostnader		
4300 Innkjøp varer for videresalg, høy avgiftssats	- 61 296	62 000
5501 Dommarrekninger	- 33 370	34 000
5990 Annen personalkostnad	- 20 523	20 000
6100 Frakt, transport og forsikring	- 10 814	-
6300 Leie lokaler	- 29 344	50 000
6390 Annen kostnad lokaler	- 29 023	-
6420 Leie datasystemer	- 4 754	4 900
6490 Annen leiekostnad	- 1 012	1 100
6541 Hvitevarer og kjøkkenutstyr	- 1 208	1 500
6550 Driftsmaterialer	- 53 626	60 000
6560 Rekvizita	- 1 563	1 500
6565 Mat og drikke	- 3 914	3 000
6580 Idrettsutstyr	- 109 072	110 000
6590 Annet driftsmateriell	- 129	
6800 Kontorrekvisita (Res)	- 80	100
6810 Datakostnad	- 13 148	16 000
6820 Trykksaker	- 733	700
6860 Møter, kurs, oppdatering etc.	- 2 000	2 000
6950 Postboks, leie	- 1 185	1 000
7090 Annen kostnad transportmidler	- 3 400	-
7140 Reisekostnader, ikke oppgavepliktig	- 622	700
7400 Kontingenter, fradragsberett.	- 8 800	9 000
7415 Påmelding serier, turneringer etc	- 38 425	45 000
7420 Gaver, fradragsberettigede	- 1 940	2 000
7430 Fordeling av midler	- 1 100	-
7440 Gaver til frivillige	- 21 331	22 000
7460 Premier til deltakere	- 34 802	35 000
7500 Forsikringspremier	- 16 309	16 500
7770 Bank og kortgebyrer	- 1 150	1 200
7790 Andre kostnader	- 1 202	1 500
7791 Gebyrer kamp o.l.	- 13 900	12 000
Totale kostnader	- 519 774	512 700
Driftsresultat	406 685	108 300